25600000	Disposisjonsfond	63 703 767	-700 000	63 003 767	-70 720 721
25600013	Mastekompensasjon	3 432 745	0	3 432 745	3 432 745
25600100	Mva.komp. frå investeringsprosjekt	0	0	0	0
25600200	Disp.fond - ekstra kraftinntekter	51 264 111	0	51 264 111	194 038 430
25600300	Kvammabadet KF	10 000 000	0	10 000 000	0
25600400	Havbruksfond	30 298 693	0	30 298 693	54 943 356
Sum 2.56 disposisjonsfond	Sum 2.56 disposisjonsfond	158 699 315	-700 000	157 999 315	181 693 810
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	0
Sum 2.595 rekneskapsmessige over	Sum 2.595 rekneskapsmessige overskot	0	0	0	0

3 Bundne fond

3.1 Bundne driftsfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25110001	Øyremerka tilskot, gåver ol.	Kommunen mottok ei rekkje øyremerka tilskot gjennom året, som skal brukast til eit spesifikt føremål. Ofte rekk ein gjerne ikkje bruka opp alle midlane innanfor det enkelte budsjettåret, og resterande midlar vert då sett av på dette fondet i inneverande år, og brukt i komande år. Tilsvarande er det og for gåver som vert gjeve til kommunen til spesifikke føremål. Alle midlar på dette fondet, skal vera merka.
25130001	Gåver Øysteseheimen	Gåver til bruk for personale og tilsette ved Øysteseheimen
25130002	Gåve til kjøkken Strandebarmheimen	Gåve til bruk ved kjøkken Strandebarmheimen
25130003	Gåver Strandeb.aldersheim	Gåver til bruk for personale og tilsette ved Strandebarmsheimen
25130004	Gåve Frå Gudrun Mohr 90	Testamentarisk gåve til Øystese aldersheim, HST-87/90, utan bindingar
25130005	Psykiatri	Spesielle tiltak, med spesiell klausul, jf. 9901907-15
25130008	Gåve Sverre Soldal	Testamentarisk gåve, sak 13.02.02, HST-015/02, jf. 9901907-12
25130010	Gåve til Kalhagen Bufellesskap	Gåve til bruk i Kalhagen Bufellesskap i 2005
25130011	Gåve Toloheimen	Gåve til bruk på Toloheimen
25130012	Gåve Øysteseheimen - B. Botnen	Gåve til bruk på Øysteseheimen. Midlane skal brukast til trivselstiltak for bebuarane, og eventuelt til innkjøp av utstyr som direkte kjem bebuarane til nytte.
25130013	Hardanger/Voss kompetanseregion	Øyremerka midlar til bruk Hardanger/Voss kompetanseregion
25130014	Gåver Lokalmed. Senter (Rehab.)	Gåver til bruk på KRB på Toloheimen
25130015	Gåver Kvam legevakt	Gåver til bruk på Kvam legevakt

25130016	Gåver Mikjelsflaten	Gåver til bruk på Mikjelsflaten.
25140002	Næringsfond	Vert tilført ca. 4 mnok per år frå konsesjonsavgift. Eigne statuttar – sjå eige kapittel
25140003	Parkeringsplassar	Midlar frå utbyggingssaker til offentlege parkeringsplassar
25140004	Fiskefond	Eigne vedtekter, sjå eige kapittel
25140005	Næringsutvikling og kompensasjonsmidlar	Fondet brukt til avsetning til/bruk av kompensasjonsmidlar som kommunen får frå fylket. Nokre av midlane skal betalast ut til andre aktørar, medan andre går til finansiering av ulike prosjekt og tiltak. Vedteken bruk av midlane er lagt inn, men ikkje avsetning. Fondet viser difor eit overforbruk.
25140006	Overførte midlar frå Ålvik vekst	Midlane til næringsutvikling vart gjeve av NVE i samband med ny konsesjon for Bjølveutbygginga i 2000, og tenkt bruk til utvikling i Ålvik, og Ålvik vekst vart oppretta. Det står nokre midlar att.
Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25142051	Fond tap på etableringslån	Kommunen kan setja av nokre av tilskotsmidlane frå Husbanken til eit eige fond for å dekkja ev. tap på vidareformidla etableringslån frå Husbanken.
25160010	Fond Viltforvaltning	Vedtekter HST-52/02 (28.05.02, 2002000568), sjå eige kapittel.
25160031	Sjølvkostfond vatn, felles	Sjølvkostsfond til bruk for produksjon av vatn til abonnentar.
25160032	Sjølvkostfond avlaup, felles	Sjølvkostsfond til bruk for handtering av avlaup for abonnentar.
25160035	Sjølvkostfond slam	Sjølvkostsfond til bruk for handtering av slam for abonnentar.
25164100	Sjølvkostfond feiing	Sjølvkostsfond til bruk for feiing for abonnentar

3.2 Bundne kapitalfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25510000	Innbet. Husbanklån	Bundne av forskrifter for Husbanklån, midlane må gå til same formål som låna er tekne opp til.
25510001	Tilfluktsrom	Fondet truleg oppretta i nov-94, med uklar status. Vert nytta til P60188 - Tilfluktsrom/arkivrom i 2018 for å skilja desse to funksjonane på rådhuset og for å oppfylle lovkrava.
25510003	Bustad funksjonshemma	Resterande midlar etter sal av husvære som var gjeve som testamentarisk gåve til kommunen. Midlane skal nyttast til finansiering av kjøp av bustad særleg tilrettelagt for funksjonshemma.
25510004	Innløyste Formidlingslån	Fondmidlane kjem frå innbetaling av Husbanklån frå låntakarar, som kan gå til nedbetaling av kommunale innlån frå Husbanken.
25530003	Heis ved Øysteheimen	Fondet eldre enn 1994. Kan truleg nyttast i samband med utbygging på Øysteseheimen.
25530005	Gåve T. Breievne Str.Aldersh	Fondet eldre enn 1994. Fondet kan truleg nyttast i samband med nytt prosjekt for Strandebarmsheimen.
25550001	Vikøy Kyrkjegardsfond	Fondet er eldre enn 1994. Uklart om det er knytt vilkår til bruk.
25550003	Tusenårsjubileum	Rest av øyremerka midlar til tusenårsjubileet.
25563003	Pumpestasjon	Oppretta i 1996. På grunnlag av statstilskot til kloakkpumpe som seinare vart finansiert av kommunen. Kan nyttast truleg nyttast til finansiering av pumpestasjon.
25563004	Øyremerka tilskot mottatt i investering	Branntryggleik Strandebarmsheimen

4 Ubundne fond

Ubundne driftsfond vert kalla disposisjonsfond, og ubundne investeringsfond vert kalla ubundne kapitalfond. I tillegg kan kommunen få fond for «rekneskapsmessige overskot» dersom kommunen har eit mindreforbruk som det ikkje er lagt føringar for, noko som sjeldan skjer.

4.1 Disposisjonsfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25600000	Disposisjonsfond	«Bufferfondet» til kommunane, som kan brukast til både finansiering av drift og overførast til investering.
25600013	Mastekompensasjon	Fondet vart oppretta då kommunen tok i mot 32 mnok som kompensasjon for master på strekkja Sima-Samnanger. I utgangspunktet er det ingen bindingar, men heradsstyre har i eiga sak vedteke føringar for kva midlane skal brukast til. HST-061/13, 8.10.2013. Arkivsak 13/907-1: - Amenitetar, identitet og stadleg kultur og omdøme, med den hensikt å auka bu- og besøksattraktiviteten i Kvam herad
25600100	Mva. komp. frå investeringsprosjekt	Fondet vart oppretta då kommunane fekk tildelt mva. kompensasjon frå investeringsprosjekt inn i drifta. Ordninga er no avslutta, og midlane enten brukt til finansiering av investeringsprosjekt eller drift.
25600200	Disp. fond – ekstra kraftinntekter	Fondsmidlar frå inntekter utover budsjett
25600300	Kvammabadet KF	Buffer frå mastekompensasjonfond til drift av kommunalt føretak
25600400	Havbruksfond	Årleg utbetaling frå Fiskeridirektoratet for å sikra at oppdrettskommunar får meir igjen for å tilretteleggja for havbruk.

4.2 Rekneskapsmessig overskot

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	Midlar frå år med mindreforbruk, der det ikkje låg føringar for bruk av mindreforbruket. Fritt disponible fondsmidlar.

4.3 Ubundne kapitalfond

Fondskonto	Fondsnamn	Kommentar
25300001	Kapitalfond	Fritt til å disponera innan investeringsrekneskapen, med unntak av tidlegare bindingar.
25300002	Uttak Eigenkapital Kvam Kraftverk	Oppretta av HST i sak 98/89 (14.10.97), opphavleg på 25,4 mnok frå uttak av EK frå Kvam kraftverk AS. Lagt til renteavkastning undervegs. Føremålet er økonomisk lønsame prosjekt. I saka vart det vedteke av det måtte vera 2/3-fleirtal i HST for bruk av midlar eller endra reglar for det. Dette er ikkje eit lovleg vedtak, då det alltid skal vera simpelt fleirtal som avgjer saker i HST, og fondet er i realiteten ubunde.
25300003	Inv. Fond Kvam Kraftverk	Oppretta av HST i sak 97/89 (14.10.97), opphavleg på 10 mnok etter uttak frå Kvam kraftverk AS, men lagt til renteavkastning undervegs. Føremålet var eit mellombels uttak av midlar som kan nyttast til ansvarleg lån eller auka av aksjekapital. I saka vart det vedteke av det måtte vera 2/3-fleirtal i HST for bruk av midlar eller endra reglar for det. Dette er ikkje eit lovleg vedtak, då det alltid skal vera simpelt fleirtal som avgjer saker i HST, og fondet er i realiteten ubunde.
25310001	Flyktningefond - investering	Dette er eit tidlegare lån til Kvam herad som vart gjort om til tilskot i juni 2001. Uklar status.
25360003	Bustadfelt-Fond	Fondet vert tilført midlar dersom kommunen sel ei tomt eller ein grunn som ikkje er knytt til prosjekt, sjå eige sak HST-021/05 (01.03.2005, arkivsak 2004000176), og vert brukt til tilsvarande.

5 **RETNINGSLINER FOR BRUKEN AV KRAFTFONDET I KVAM**

Vedtekne av heradsstyret i Kvam 23.03. 2021 i sak 029/21

Standardvedtektene fastset dei ytre rammene for bruk av kraftfondsmidlane.

Innanfor standardvedtektene kan kommunen gjennom eigne retningslinjer snevra inn fondet sine støtteformål, støtteformar og støttevilkår.

Til § 1 Kraftfond - Heimel, kapital og avkastning

Grunnkapitalen på kr. 1.000.000,- vert plassert i bank eller finansinstitusjon på best mogleg vilkår.

Reglane skal oppdaterast slik at dei er i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande nasjonale og internasjonale avtalar og føringar.

Reglane for tilskot til næringsføremål gjeld for alle typar næringsverksemd med forretningsadresse og aktivitet i Kvam herad.

Midlar frå kraftfondet kan setjast av til garantifond, når det vert gjeve garanti for kommunale tiltak. Styret for kraftfondet kan gje garantiar for opp til kr. 500.000,- av fondskapitalen. Vilkåret er at garantien er gyldig etter § 51 i kommunelova.

Til § 2 Føremål

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikling av eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Som del av kommuneplanen skal det lagast ein eigen næringsplan. Denne skal gje grunnlag for prioritering av prosjekt. Næringslivet i kommunen har medverka aktivt i utarbeidinga av planen.

Søknader skal også vurderast og prioriterast ut frå mål og strategiar i energi- og klimaplan og intgreringsplan.

Målsetjing:

Næringsutvikling i Kvam skal legge til rette for og sikra eksisterande næringsliv. Gjennom samarbeid skal Kvam vidareutvikla næring og handel og stimulere til etablering av ny verksemd. Kvam skal prioritera å marknadsføre det som er, og leggje til rette for nytenking og gründerverksemd.

I fylgje strategisk næringsplan skal det satsast på fem strategiar:

1. Hovedmål: utvikla eit pulserande og sjølvsetendig regionsenter.
2. Bygga kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi.
3. Skapa opplevingar og innhaldsrik fritid.
4. Styrka det etablerte og utvikla det særeigne.
5. Skapa gnist for kreativ og framtidsretta næring.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid:

til dømes: næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt.

Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd:

til dømes: kommunal tilrettelegging av næringsarealer, fysisk stad- utvikling, infrastruktur for reiseliv, vassforsyning.

Bedriftsutvikling :

til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.

Investering i bedrifter:

til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan

fondet nyttast til å støtte investeringar, ikkje drift. *Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.*

Ved ein eventuell samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastsett i § 5.

Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter føreteke gjeldssanering.

Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar.

Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.

Ut over dei prioriteringar som er gjort i strategisk næringsplan, bør all næringsverksemd likestillast. Kommunen bør derimot ikkje gje stønad til næringsverksemd som mottar store overføringar over statsbudsjettet.

Til § 3 Former for stønad

1. Stønad til nyetableringar skal i hovudsak gjevast som tilskot eller lån på visse vilkår, under dette ansvarleg lånegjeld. Storleiken på tilskota og/eller lån skal vurderast ut i frå samla kapitaltrong og tilgang på andre distriktpolitiske verkemiddel. Det vert sjeldan gitt støtte i form av lån då heradet ikkje har eit eigna system for å handsama lån.

2. Garantiar kan berre gjevast dersom desse kan godkjennast etter § 51 i kommunelova.

3. Kraftfondet bør ikkje nyttast til å teikne aksjar og andeler i privat næringsverksemd. Kommunen kan fort komme i ein uheldig dobbelrolle som ansvarleg for både investering/drift og tilskot/lån.

4. Ved kvar utlysing kan det normalt løyvast inntil kr 1 mill. Summen av alle offentlege tilskot kan ikkje overstiga 50 % av prosjektet sitt kapitalbehov. Eige arbeid vert vurdert med inntil 350 kr per time.

For arrangement og tiltak som er av interesse for større delar av næringslivet i Kvam, kan det gjerast unntak frå krav om eigenkapital/-innsats.

Til § 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området

Heradet fylgjer internasjonale forpliktingar Norge har forplikta seg til på statstøtteområdet.

Nettsida www.eftasurv.int inneheld ei oversikt over gjeldande regelverk for offentlig støtte. Sjå også Fornyings – administrasjons – og kirkedepartementets vegleiar om EØS-avtalens reglar om offentlig støtte.

Med stønad til eksport tenkjer ein på, stønad som kan koplast direkte til ei mengde eksporterte varer frå bedrifta, etablering og drift av eit distribusjonsnettverk. Det kan gjevast stønad til følgjande tiltak i samband med eksport:

- Rådgjeving for identifisering av bedrifta sine behov og val av tenester
- Kompetansegejvande tiltak
- Utarbeiding av eksportmarknadsplan
- Studiar eller konsulenttenester som vil vere nødvendige for å lansere eit nytt produkt eller eit eksisterande produkt på eit ny marknad
- Marknadsundersøkingar/innhenting av marknadsinformasjon
- Deltaking på messer

Lån frå kraftfondet skal sikrast med pant i fast eigedom, leigerett med driftstilbehør, maskiner eller salspant.

Rente på lån frå kraftfondet skal følgja Husbankens lågaste flytande rente

Til § 5 Forvaltning

Heradsstyret er styre for kraftfondet og kan delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 50.000 skal handsamast av heradsstyret.

Søknader til kraftfondet skal skje elektronisk – skjema finn ein på kommunen si heimeside på internett www.kvam.kommune.no og alle søknader vert å sende via www.regionalforvaltning.no.

Saksførebuinga til styret for kraftfondet vert delegert til rådmannen i samsvar med § 23 i Kommunelova. Rådmannen kan internt delegere mynde.

Budsjett og rekneskap skal integrerast i kommunen sitt økonomisystem i samsvar med gjeldande føresegner. I tillegg forutset ein at det vert utarbeid eit vedlegg til rekneskapen med ein samla oppstilling av kraftfondet sine inntekter og utgifter. I budsjettet skal heradsstyret konkretisere sum frie fondsmidlar til tildeling i form av hhv. lån og tilskot

Det er klageadgang på enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova. Klager vert handsama av kommunalt klageorgan.

Dersom verksemda/arbeidsplassen flyttar ut av kommunen før det er gått tre år sidan tilskotet vart tildelt, må heile tilskotet betalast attende. Om tilskotet er utbetalt og investeringa/tiltaket ikkje vert gjennomført som omsøkt, skal tilskotet betalast attende fullt ut. Ved tildeling av tilskot, skal det setjast tidsfrist for gjennomføring av prosjektet og levering av sluttrapport. Rådmannen kan i spesielle høve gjø utsett frist for gjennomføring.

Til § 6 Årsmelding og rapporteringsplikt.

Kvart år skal det leggjast fram for heradsstyret ei melding om bruken av kraftfondet.

Årsmeldinga for kraftfondet skal innehalda:

Rekneskap

Oversyn over prosjekt

Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan

Trong for endringar i prioriteringar/retningslinjer for bruken av kraftfondet for neste år

Søkjjarar som har motteke lån til prosjekt skal sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg inntil lånet er nedbetalt/innfridd innfridd og søkjjarar som har vorte tildelt tilskot gjennom kraftfondet skal sende inn rekneskap/ årsmelding for det aktuelle år tilskotet vart utbetalt med tilbakemelding om kva betydning tilskotet hadde for det aktuelle året”.

6 Vedtekter for Kvam fiskefond (HST-167/08, 16.12.2008. Arkivsak 08/1045)

§ 1

Midlar frå Kvam fiskefond skal nyttast til å fremja fisket i Kvam herad.

§ 2

Fondskapitalen vert sett til minimum kr 200 000 ved utgangen av 2008 og seinare.

§ 3

Inntekter til fondet vil vera renteavkasting og eventuelle tilskot frå konsesjonær i samband med vassdragsregulering. Eventuelle andre midlar.

§ 4

Rådmann er styre til fondet. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at fondet er disponibelt til ei kvar tid. Det skal førast eige rekneskap og budsjett for fiskefondet.

Ubrukte midlar skal automatisk overførast til neste års budsjett og tilleggast neste års løyving.

Grunnkapitalen skal i utgangspunktet ikkje brukas, men i spesielle tilfelle kan heradsstyre bestemme at grunnkapitalen kan brukas under føresetnad om at grunnkapitalen så raskt som mogleg bringes opp til minimum.

§ 5

Støtte innanfor rammene kan gjevast av rådmann. Større prosjekt må handsamast av heradsstyret, og helst gjennom handlingsprogram og budsjett.

§ 6

Søknad om støtte frå fondet må fremjast skriftleg. Søknaden skal innehalde:

- Kva tiltaket går ut på, søkjaren si utgreiing og vurdering av tiltaket.
- Opplysningar om søkjaren.
- Investerings- og finansieringsplan
- Kven som er deltakarar og skal utføre arbeidet.

§ 7

Før tilskot kan utbetalast, må fylgjande føresetnader vere oppfylte:

- Tiltaket må vere fullfinansiert
- Rapport og revidert rekneskap skal vere godkjend av Kvam herad

§ 8

Direktoratet for naturforvalting avgjer tvist om forståinga av desse vedtekter.

§ 9

Disse vedtekter tek til å gjelda straks.

7 Vedtekter for Kvam viltfond (HST-052/02, 28.05.2002. Arkivsak 2002000568)

1. Føremål

Midlar frå Kvam viltfond skal skape økonomisk grunnlag for å fremje viltforvaltinga i heradet.

2. Definisjon

Kvam viltfond er eit bunde driftsfond som kommunen forvaltar til viltføremål innanfor dei rammer forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (23. mai 2001) fastset.

3. Fondstorleik

Fondskapitalen vert sett til minimum kr 30.000 ved utgangen av 2002, minimum kr. 60.000,- ved utgangen av 2003 og minimum kr. 100.000,- ved utgangen av 2004 og seinare.

Fondet skal byggjast opp slik:	Avsetjing i 2002	kr 30.000,-	Fondet er kr 30.000,-
	Avsetjing i 2003	kr 30.000,-	Fondet er kr 60.000,-
	Avsetjing i 2004	kr 40.000,-	Fondet er kr 100.000,-

Midlar utover fondsminimum er disponible

4. Inntekter til fondet

- Offentleg fellingsavgift for hjortevilt,- storleik vert fastsett av heradet i høve til forskrift om kommunale viltfond.
- Eventuelle tilskot frå statleg viltfond.
- Årleg avkasting frå fondet. Viltfondet vert forvalta saman med resten av heradet sin kapital og avkastinga av fondet vert årleg tilført fondet.
- Inntekter frå omsetjing av ulovleg felt vilt og fallvilt av hjortevilt.
- Inntekter frå hjortevilt som er felt etter § 13 i viltlova ("skadeløyve").
- Eventuelle løyvingar frå heradet.
- Eventuelle andre midlar.

5. Disponering av fondet

Kvam herad disponerer fondet som skal brukast til viltrelatert arbeid i heradet.

Fondet kan brukast til:

- Tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering og liknande i heradet og i naboherad gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller heradet sjølv.
- Dekke heradet sine utgifter til ettersøk, handtering av skadd vilt og fallvilt.
- Tiltak for å førebyggje skade på landbruksnæring som skuldast hjortevilt.

Fondet kan ikkje brukast til:

- Heradet sin administrasjon av viltforvaltinga.
- Erstatning for skade som skuldast vilt.
- Skotpremie.

Kvam viltnemnd kan fastsetje meir detaljerte reglar for ulike føremål og tiltaksgrupper.

Retningslinene er eit supplement til forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, fastsett av Direktoratet for naturforvaltning 23. mai 2001.

6. Forvaltning

Kvam viltnemnd er styre for fondet. Fondstyret kan delegere vidare mynde til rådmann.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at fondet er disponibelt til ei kvar tid. Det skal først eige rekneskap og budsjett for viltfondet.

7. Fellingsavgift

Storleik på fellingsavgift for elg og hjort vert fastsett årleg i budsjettet til heradet innanfor dei rammer for storleiken på fellingsavgifta som kvart år vert vedteke i Statsbudsjettet.

8. Tildeling av midlar frå fondet

Det kan tildelast midlar frå viltfondet til lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar.

Når det er aktuelt å tildele midlar frå fondet skal dette gjerast kjent for ålmenta i god tid før eventuell søknadsfrist.

Tilskot skal primært ytast til tiltak av lokal karakter og som ikkje lett kan få statstilskot.

Tilskot vert gjeve etter søknad og på grunnlag av godkjende kostnadsoverslag og at krava til søknad er oppfylte.

8. a) Kva tiltak kan få tilskot

Tilskot kan gjevast til oppgåver innan viltrelatert arbeid i heradet, også viltkartlegging og informasjonstiltak. Tiltak knytt til arbeid med driftsplanar skal tilleggast vekt, og oppgåver som bygger på samarbeid mellom herad, vert prioriterte.

Døme på andre tiltak:

- Arbeid med tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og høve til jakt.
- Tiltak som har som målsetjing å betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd.
- Førebygging mot hjorteviltskade.
- SAM finansiering av prosjekt.
- Andre lokale vilttiltak.

8. b) Krav til søknad

Søknad om støtte frå fondet må fremjast skriftleg før tiltaket vert sett i verk.

Fondsstyret bør fastsetje søknadsfristar.

Søknaden skal innehalde (minimumskrav):

- Kva tiltaket går ut på, søkjaren si utgreiing og vurdering av tiltaket.
- Opplysningar om søkjaren.
- Investerings- og finansieringsplan.

- Framdriftsplan
- Kven som er deltakarar og skal utføre arbeidet

8. c) Utbetaling

- 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart før fullstendig investering er gjort.
- Delutbetaling kan skje mot dokumentasjon på gjennomføring med 90 % av tilsagnsummen. Fondsstyret kan gjere vedtak om eingongsutbetaling.
- Frist for gjennomføring av tiltaket er normalt 2 år (tilsagnsåret + to heile kalenderår).
- Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne 1 år utsetjing av frist for gjennomføring av tiltaket, etter søknad. Utsetjing utover dette skal handsamast av fondsstyret.
- Dersom det oppstår tilhøve som er strid med føresetnadane for støtta, kan Kvam herad avgjere at tilskot skal betalast tilbake til fondet heilt eller delvis.
- Krav om tilbakebetaling av tilskot kan ikkje setjast fram seinare enn 5 år etter utbetaling.
- Før tilskot kan utbetalast, må fylgjande føresetnadar vere oppfylte:
- Tiltaket må vere fullfinansiert.
- Rapport og revidert rekneskap skal vere godkjend av Kvam herad.
- Krav som vert stilt i gjeldande lover, forskrifter og standardar skal vere oppfylte og naudsynte godkjenningar må liggje føre.

8. d) Sakshandsaming og klage/anke

Støtte innanfor rammene kan gjevast av fondsstyret. Større prosjekt må handsamast av heradsstyret, og helst gjennom handlingsprogram og budsjett.

Klage på kommunale vedtak skal handsamast av fylkesmannen, jmf. Viltlova § 4 siste ledd.

Fondsstyret står fritt til å vurdere tilskotsstorleik innan gjeldande rammer.

8 Retningslinjer for Havbruksfondet i Kvam herad

Vedteke i heradsstyret i Kvam 19.12.2018

Kvam heradsstyre vedtek følgjande retningslinjer for Havbruksfondet:

1. *Midlar frå det statlege Havbruksfondet vert sett av på eit kommunalt disposisjonsfond, Havbruksfond, konto 25600400*
2. *Fondsmidlane kan brukast til*
 - a. *Tiltak i tråd med handlingsplan i kulturminneplan på 2 millionar kroner totalt, fordelt på inntil kr 200.000 per år.*
 - b. *Klima- og energitiltak på inntil 2 millionar kroner.*
 - c. *Betaling av medlemsskap i Nettverk fjord- og kystkommuner (NFKK)*
 - d. *Driftsprosjekt.*
 - e. *Dekking av udekkta driftsunderskot dersom dette ikkje kan dekkast av andre fondsmidlar.*
 - f. *Fondet kan nyttast til å styrke kommunen sin forvaltning av naturområde, naturmangfald og reetablering av natur*
3. *Fondsmidlane bør ikkje brukast til*
 - a. *Ordinær drift.*
 - b. *Investeringsprosjekt som kan finansierast med bundne fond*
 - c. *Driftstiltak som kan finansierast med andre midlar, som kraftfond.*
4. *Bruk av fondsmidlar vert fastsett i samband med budsjettarbeid, ev. i tertialar.*

9 Fondsbruk/-avsetning

9.1 Næringsfond

Bilagstekst	Bruk	Avsetnad
Tilskot Kvamskogen	178 000	
Tilskot Hissfjord Maskin	50 000	
Tilskot Hissfjord Maskin	44 000	
Tilskot Fusit Data	50 000	
Tilskot Hans Pulles	35 000	
Tilskot Gjerde Felemakeri	105 000	
Tilskot Strandebarm Fotpleie	20 000	
Sum endring fondsmidlar	482 000	-
Netto endring fondsmidlar		(482 000)

9.2 Fiskefond

Bilagstekst	Bruk	Avsetnad
Statkraft energi AS - avsett		36 715
Sum endring fondsmidlar	-	36 715
Netto endring fondsmidlar		36 715

9.3 Viltfond

Bilagstekst	Bruk	Avsetnad
Kvam viltelefon - årleg driftstilskot	16 064	
Sum endring fondsmidlar	16 064	-
Netto endring fondsmidlar		(16 064)

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	08.06.2022	071/22
Kvam heradsstyre	14.06.2022	078/22
Kvam Ungdomsråd	13.06.2022	046/22

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Fossdal, Heidi	Objekt:	22/2243 - 1

Tilstandsrapport for barnehage og grunnskulen 2022

Behandling i politiske utval:

08.06.2022, FSK- 071/22 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv barnehage- og skuleeigar gjennom dialogbasert styringa av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta « Tilstandsrapport for barnehage 2022» og Tilstandsrapport for grunnskulen 2022» og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapportane vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Saksordførar: Ottar Randa, H

13.06.2022, URÅD- 046/22 Vedtak:

Kvam ungdomsråd tok saka til orientering

14.06.2022, HST- 078/22 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv barnehage- og skuleeigar gjennom dialogbasert styringa av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta « Tilstandsrapport for barnehage 2022» og Tilstandsrapport for grunnskulen 2022» og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapportane vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet. Kvam heradsstyre registrerer med stor uro tala om mobbing i skulen i Kvam. Ein ser derfor fram til å sjå resultat av den nyleg vedtekne satsinga mot mobbing framover.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv barnehage- og skuleeigar gjennom dialogbasert styringa av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta « Tilstandsrapport for barnehage 2022» og Tilstandsrapport for grunnskulen 2022» og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapportane vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Samandrag:

Samandrag barnehage:

Som tidlegare er det utarbeida tilstandsrapport for barnehagane i Kvam. Tilstandsrapport er ikkje lovpålagt for barnehage, men ein viktig kommunikasjonskanal mellom heradsstyret og barnehageeininga. Rapporten skildrar fokusområde frå barnehageåret 2021/2022, og gjev eit lite innblikk i kvar av dei kommunale barnehagen, samt den private barnehagen.

Samandrag skule:

Det er eit lovkrav i opplæringslova §13 at skuleadministrasjonen skal utarbeida ein tilstandsrapport for skule til skuleeigar, som er heradsstyret. Ein tilstandsrapport inneheld både tal og forteljingar. Innhaldet skal vera ein analyse av tilstanden og syna korleis skuleeigar vurderer opplæringa på områda læringsmiljø, elevresultat og gjennomføring/fråfall. I tillegg står heradet fritt til å ta med andre tema som er viktige for heilskapen og vurderinga av situasjonen i skulen.

Det er ein føresetnad at heradsstyret har kunnskap om tilstanden i skulen for at dei kan fatta rette vedtak. I tillegg er dialog og informasjon viktig, slik at skuleeigar kjenner tilhøva og kan ta ansvar og følgja opp både skulen som organisasjon, elevar, tilsette og skuleleiarar. Skuleeigar skal ha forventningar og ambisjonar for Kvammaskulen, men dei har også ansvar for at det vert gjort prioriteringar av avgrensa mål der det er naudsynt. Skuleeigar må ha evne, ressursar og kompetanse til å nå kortsiktige mål, og samstundes tenkje langsiktig og ha visjonar vidare.

I rapporten er det lagt fram resultat frå mellom nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Vidare har skuleadministrasjonen trekt fram ulike sider ved det å driva ein skule for alle. Det

vert på ulike vis jobba for at skulane i Kvam skal vera mest mogleg like og ha eit felles system, samstundes som kvar skule skal få vera unik. I 2021 vart rapporten skriven om hausten, medan den i år vert skriven om våren. Tal som gjeld eksamensresultat og grunnskulepoeng vil difor vera dei same i rapporten frå 2021. Mot slutten av rapporten er det eit innblikk frå kvar av skulane i Kvam, inklusiv Norheimsund friskule.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
53267	Tilstandsrapport. barnehage.2022docx
53268	Handlingsplan med oppdateringar mai 2022 - oppfølging etter revisjon barnehage 2021
53420	Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2022

08.06.2022 Kvam formannskap

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med 9 røyster

FSK- 071/22 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv barnehage- og skuleeigar gjennom dialogbasert styringa av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta « Tilstandsrapport for barnehage 2022» og Tilstandsrapport for grunnskulen 2022» og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapportane vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Saksordførar: Ottar Randa, H

13.06.2022 Kvam Ungdomsråd

Røysting:

Kvam ungdomsråd tar saka til orientering

URÅD- 046/22 Vedtak:

Kvam ungdomsråd tok saka til orientering

14.06.2022 Kvam heradsstyre

Kvam heradsstyre registrerer med stor uro tala om mobbing i skulen i Kvam. Ein ser derfor fram til å sjå resultat av den nyleg vedtekne satsinga mot mobbing framover.

Tilråding frå FSK vart samrøystes vedteke

Tilleggspunkt framlagt av Bjørgulv Hauger vart samrøystes vedteke

HST- 078/22 Vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv barnehage- og skuleeigar gjennom dialogbasert styringa av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta «Tilstandsrapport for barnehage 2022» og Tilstandsrapport for grunnskulen 2022» og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapportane vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Kvam heradsstyre registrerer med stor uro tala om mobbing i skulen i Kvam. Ein ser derfor fram til å sjå resultat av den nyleg vedtekne satsinga mot mobbing framover.

Saksopplysningar:

Viser til vedlagte rapportar frå barnehage og skule.

Vurdering:

Vurdering barnehage:

Det er viktig med god kommunikasjon mellom barnehageeininga og barnehageeigar både når det gjeld drift og utvikling. Rapporten viser korleis barnehagane i Kvam vert drive, både lokalt i den einskilde barnehage, men også på eit meir overordna plan, som barnehageeigar og barnehagemynd. Den avspeglar kva barnehagane jobbar med, analysar, utfordringar og tankar om vidare utvikling av tenestetilbodet. Tilstandsrapporten for barnehage skildrar mellom anna lokale og nasjonale satsingar.

Heradsstyret er barnehageeigar, og for å gjera gode overordna val er det viktig med god informasjon og styringsdialog. Administrasjonen har rolla som barnehagemynd. Etter nye lovkrav i fjor er det frå mars 2022 tilsett to personar i til saman 100% engasjement stilling som barnehagefagleg rådgjevarar. Barnehagemynd har ansvar for godkjenning, tilsyn, ivaretaking og rapportering av statlege føringar for både kommunale og private barnehagar.

Alle barn skal oppleve livsglede og skapa god barndomsminne frå barnehagekvardagen, samtidig som dei skal oppleve eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø. Dei skal kjenna meistring og at dei tilsette ser dei. Barn og føresette skal oppleve den kommunale barnehagen som ei eining.

Vurdering skule:

Opplæringslova seier at den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar. Føremålet er å ha

ein open dialog om innhaldet i skulen, og å leggja grunnlag for ei felles forståing av måla og utfordringane, slik at heradsstyret kan vera ein aktiv skuleeigar. Tilstandsrapporten gjev informasjon om tiltak som er sett i verk for å betra resultat både fagleg og sosialt, samt at den gjev heradsstyret høve til å påverka kva prosessar skulane skal prioritera framover. Ein god dialog mellom administrasjon og heradsstyre er avgjerande for at både elevane skal få best mogleg opplæringstilbod og at det vert ein trygg og god kvardag for elever og tilsette.

Rapporten viser resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Tidlegare har administrasjonen kommentert samla resultat frå Kvam. Frå i år vil me gå grundigare inn i tala for å sjå kva som ligg bak og få betre oversikt over kva den enkelte skule bidreg med inn i det samla resultatet.

Kvam herad er ein av kommunane som har fått tilbod om, og takka ja til, å vera med i Oppfølgingsordninga. Ordninga er i regi av Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Statsforvaltaren. Kommunane som deltek får statleg støtte og rettleiing over ein periode på tre år.

Det er dei siste åra utarbeida fleire planar og rutinar som skal vera med på å få eit likt system for skulane i Kvam. Tilsette er gjort kjent med innhaldet, men det er tidkrevjande å implementera nytt systemarbeid i ein stor organisasjon og det er difor ynskjeleg å prioritera tid til dette.

TILSTANDSRAPPORT BARNEHAGE



Barnehageåret 2021/2022

Innhald

Bakgrunn.....	4
Barnehagar i Kvam.....	4
Pedagogisk grunnsyn og syn på born.....	5
Kommuneplan for Kvam – samfunnsdel.....	5
Brukarmedverknad	5
Foreldreundersøking.....	6
Informasjonsflyt.....	6
Internkontroll	6
Nasjonale føringar	7
Medarbeidarundersøking.....	7
Kompetanse	8
Nasjonal kompetanseheving i regi av Udir/vidareutdanning	8
Regional ordning for kompetanseutvikling Rekom.....	9
Organisasjonsutvikling og kompetanseheving.....	10
Felles planar og kompetanseheving til barnehagetilsette i Kvam herad	10
KLP prosjekt.....	12
Inkluderande barnehagar	12
Fleirspråklege born	12
Støtte til barnehage	13
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT).....	13
Tidleg innsats.....	13
Lågterskeltilbod	13
Spesialpedagogar i barnehagen.....	13
Individuelle rettar	14
Foreldrekurs.....	15
Lokale politisk vedtekne tiltak.....	15

Løpande opptak	15
Oppgradering av Bjørketeigen barnehage.....	15
Deling av Sjødnahaugen og Bjørketeigen barnehage.....	16
Måltid	16
Sommaropen barnehage	16
Særlege utfordringar i barnehagesektoren	16
Fråvær.....	16
Bemanning	17
Digitalt utstyr.....	17
Brøyting og strøing i barnehagane.....	18
Covid-19.....	18
Løpande opptak	18
Kompetansepakkar	19
Kostratal 2021	19
Kommunebarometer.....	20
Oversikt over barnehagane i Kvam herad	22
Ålvik barnehage	22
Bjørketeigen barnehage	23
Sjødnahaugen barnehage	25
Norheimsund barnehage	26
Tørvikbygd barnehage.....	28
Strandebarm barnehage.....	30
Sandven FUS barnehage	31
Oppsummering.....	33
Vedlegg.....	34

Bakgrunn

Tilstandsrapport i barnehage er ikkje lovpålagt, men barnehageeigar meiner det er viktig at politikarane får ein årleg rapport om tilstanden i barnehagesektoren. På den måten kan politikarane sjå heilskapen for born i heradet i alderen 0-16 år. Rapporten er ikkje uttømande, men gjev eit innblikk i dei kommunale barnehagane, kostratal og kommunebarometer 2021, og informasjon frå barnehageleiinga/styrargruppa.

Barnehagar i Kvam

Det er seks kommunale og ein privat barnehage i kommunen. Alle barnehagane har eigen styrar. Den private barnehagen, Sandven Fus, får kommunalt driftstilskot. Det er godt samarbeid med den private barnehagen, og dagleg leiar i Sandven Fus får tilbod om deltaking på styrmøte og kurs/arrangement som vert arrangert i regi av kommunen.

Dei kommunale barnehagane arbeider mot å skapa ein felles identitet i Kvammabarnehagane og mottoet "slik gjer me det i Kvam". Barnehagane har bl.a. felles visjon, hovudmål, barnesyn og satsingsområde. Ein jobbar for at alle born i Kvam skal få like godt barnehagetilbod, same kva barnehage dei går i. Barnehageeigar er oppteken av kvalitet og kompetente tilsette.

Visjon: Me skaper gode barndomsminne og livsglede.

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

Satsingsområde for Kvammabarnehagen: Trygt og godt barnehagemiljø, BTI og «Sjå bornet innanfrå».

Barnehagane har gode bygg og leikeplassar, alle vart godkjende etter forskrift for miljøretta helsevern (MHVB) våren 2018. Barnehagane rapporterer årleg i Basil. Per 1. desember 2021 (kjelde Basil) var det totalt 351 born i dei kommunale barnehagane og 87 born i Sandven Fus.

01.08.21 fekk Kvam herad eigen leiar for barnehage. Leiar for barnehage er barnehageeigar og har ansvar for leiing av dei kommunale barnehagane og at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Barnehagemyndene er lagt under Oppvekstsjef. 100% prosjektstilling som barnehagefagleg rådgjevar vart vedtatt i budsjettprosessen for 2022. Frå mars 2022 vart to personar tilsett i 50% stilling kvar som barnehagefagleg rådgjevar med ansvar for mynde oppgåver. Barnehagemyndene har ansvar for godkjenning, tilsyn, ivaretaking og rapportering av alle statlege føringar både for kommunale og private barnehagar.

Pedagogisk grunnsyn og syn på born

Barnehagane våre skal inkludera alle born med fokus på livsglede, leik og læring for alle jmf Rammeplan for barnehage. Personale i barnehagane våre skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom borna og personalet og mellom borna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Målet vårt er at barnehagane har eit bevisst og reflektert personale som ser borna innanfrå. Barnesynet vårt er at "barn er ikkje vanskeleg, men kan ha det vanskeleg." Me jobbar kontinuerleg med korleis me møter borna våre, uansett kva kulturell bakgrunn, språk, utfordringar, evner, interesser og bagasje dei evt. har. Det skal vera plass til mangfald i barnehagane våre.

Kommuneplan for Kvam – samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein styrande plan for all verksemd i kommunen, og det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen.

Visjonen til Kvam herad er å *"Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid"*, og reflekterer at me føl med i tida, at me er kreative og viser innovasjonsvilje. *«Dei samfunna som klarer å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier sine innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne»* (Kommuneplan for Kvam herad 2015-2030, samfunnsdel s.12). Kommuneplanen skal leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvemmingane gjennom direkte og indirekte påverknad heile livet. Tenestetilbodet skal leggja til rette for at innbyggjarane på ein enkel måte kan gjera val som er tenlege for eiga helse. Det er i kommunen mykje av velferdstenestene blir skapt, og det er forventa vekst i behovet for kommunale tenester framover. Den aukande private kjøpekrafta vil påverka auka forventningar om kvalitet og omfang av det kommunale tenestetilbodet.

Brukarmedverknad

Barnehagelova § 4 Foreldreråd og Samarbeidsutvalet (SU) – For å sikra samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Alle barnehagar har valde foreldrerepresentantar som sit i SU. Her kan foreldra ta opp aktuelle tema. SU er eit viktig samarbeidsorgan for barnehageeigar og barnehagane der viktige saker skal leggjast fram og drøftast.

Barnehagelova § 3 - Born har rett til medverknad og rett til å gje uttrykk for sitt syn på det som skjer i barnehagen.

Foreldreundersøking

Hausten 2020 gjennomførte alle barnehagane «Foreldreundersøkinga» som Udir gjev ut nasjonalt. Foreldreundersøkinga vert gjennomført annakvart år for å sikre kvalitet i arbeidet med oppfølginga. Ny foreldreundersøking vert gjennomført innan desember 2022. Foreldre og personale har jamn dialog og samarbeider tett i det daglege om barnets beste.

Informasjonsflyt

Informasjon og synleggjering av barnehagane som kvalitativt gode pedagogiske verksemder.

- Felles informasjon ligg på Kvam.no
- Alle barnehagar har ei heimeside som skal ivareta kontaktinformasjon om barnehagen til offentlegheita. På denne sida vil ein og bl.a. kunne finna informasjon om barnehagen og kontaktinformasjon for den aktuelle barnehage.
- Dei kommunale barnehagane nyttar MyKid som kommunikasjonsløyising mellom heim/barnehage. MyKid gjev barnehagane smarte og enkle funksjonar for frammøtereregistrering, sovelister, fråvær, aktivitetar, påmelding, oppteljing av barn, ulike løyve, beskjedar knytt til det einskilde barnet, m.m.
- Facebooksida «Barn og unge i Kvam» er ei plattform der det er mogleg å dela bilete og tekst frå aktuelle saker som omhandlar barn og unge i Kvam.

Internkontroll

Kvam herad har fylgjande system for oppfølging.

- Kvalitetssystemet Compilo. Systemet inneheld avvikshandtering og dokumentbibliotek (rutinar, planar, skjema og liknande)
- 1310.no er eit forsvarleg internkontrollsystem som leiinga skal bruka for å imøtekoma krava i barnehagelova.
- Basil rapportering. Styrarane legg inn måltal frå sin barnehage. Desse vert nytta i kostra.
- Faste styrarmøte og fagmøter. Informasjonsutveksling, fagdrøftingar, vurdering/refleksjonar, systemarbeid, felles rutinar, erfaringsdeling og faglege oppdateringar.
- Tilstandsrapport. Barnehageeigar utarbeider tilstandsrapport for barnehagane i Kvam herad til heradsstyret kvar vår. Styrarane deltek i prosessen.
- Eigenvurdering frå barnehagen i samband med vurdering av regelverksetterleving.

Nasjonale føringar

Samfunnsmandatet til barnehagar er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til borna sitt beste. Barnehagen skal vera både ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for foreldre.

- Det er lovfesta rett til plass for alle born i Noreg over 1 år. Born som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august. Born som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett på plass innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år, jmf, barnehagelova § 16.
- Pedagognorm frå 01.08.18. Barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 born under 3 år, og ein pedagogisk leiar per 14 born over 3 år. Eit ekstra born utløyser krav om ny heiltidsstilling som pedagogisk leiar. Born tel som 3 år frå og med august det året dei fyller 3 år.
- Bemanningsnorm frå 01.08.19. Norma stiller eit minimumskrav til grunnbemanning i ein ordinær barnehage: minst ein tilsett per 3 born når borna er under 3 år, og ein tilsett per 6 born når borna er over 3 år.
- Sikra likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Det er ulik kvalitet mellom kommunar, mellom barnehagar i kommunar og mellom avdelingar i barnehagar. Denne "strekken" ser me i Kvam også. Staten har utvikla ein ny strategi for regional kompetanseutvikling Rekom, for å sikra meir lik kvalitet i alle barnehagar. Barnehagane i Kvam deltek på dette.
- Barnehagen som trygg og god læringsarena. Staten gjev føringar som må oppfyllest for at kommunen skal tilfredsstilla krava som gjeld for barnehagar i Noreg.
- Alle born skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Å gå i barnehage skal gje det einskilde born det barnet treng for å kjenna seg inkludert i eit fellesskap.
- 01.01.21 vart det innført endringar i barnehagelova. Endringane skal sikra at alle born har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som f.eks. utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripa inn dersom eit born i barnehagen vert utsett for slike hendingar. Barnehagane i Kvam har laga ein felles plan med mål om nulltoleranse mot mobbing.
- Tema frå Rammeplanen skal påverka barnehagane sine årsplanar og det daglege arbeidet.

Medarbeidarundersøking

I 2021 gjennomførte personale i dei kommunale barnehagane 10 faktor. Det var 84,6 svarprosent. Ut i frå svara har styrargruppa og kvar barnehage gjennomført analysekryss og laga handlingsplan. Me opplever stor motivasjon blant personale i barnehagane. Det me

skårar lågast på er relevant kompetanseutvikling. Resultata er jamne blant barnehagepersonale og tilsette i Kvam generelt.

Barnehage Barnehage

Oversikt og sammenligning (alle faktorer)
Tabellen viser resultater for valgt nivå og fire overordnede nivåer i organisasjonstreet.

10-FAKTOR: KS' medarbeiderundersøkelse
PERIODE: 2021

FAKTOR	Barnehage	Kvam	Barnehage
1. Indre motivasjon	4.3	4.1	4.4
2. Mestringstro	4.0	4.1	4.3
3. Autonomi	4.0	4.1	4.3
4. Bruk av kompetanse	4.0	4.1	4.4
5. Mestringsorientert ledelse	3.8	3.9	4.2
6. Rolleklarhet	4.1	4.0	4.4
7. Relevant kompetanseutvikling	3.5	3.6	3.8
8. Fleksibilitetsvilje	4.2	4.3	4.5
9. Mestringsklima	4.1	4.1	4.4
10. Prososial motivasjon	4.6	4.5	4.7

Kompetanse

Kompetanseheving innan feltet åtferd og psykososiale utfordringar, har vore på dagsorden i Kvam sidan august 2017. «Born er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg», har vore ein raud tråd i arbeidet med å forstå kva utfordrande åtferda hjå born er eit uttrykk for. Åtferda er ofte eit uttrykk for utryggheit, skam, tristheit, redsel eller skyld. Barnehagane nyttar analyseverktøy frå Læringsmiljø og Pedagogisk analyse (LP) til dette arbeidet, og jobbar tett saman med PPT. I samarbeid med alle tenestene i KFL er det laga minikurs til tilsette innan aktuelle tema. Nytt verktøy i dette arbeidet er BTI (betre tverrfagleg innsats). BTI er ein samarbeidsmodell som sikrar koordinert innsats overfor born, unge og familiar.

Nasjonal kompetanseheving i regi av Udir/vidareutdanning

Udir gjev støtte for studentar som deltek på vidareutdanning. Støtta dekkar alle utgifter og 12 dagar vikar.

Vidareutdanning 2020/2021

Studieår	Studie	Antal
2021-2022	Fysisk-motorisk utvikling og aktivitet.	1 stk.
2021-2022	Spesialpedagogikk.	2 stk.
2021-2022	Barns språkutvikling og språklæring.	1 stk.

Regional ordning for kompetanseutvikling Rekom

Regjeringa sin kompetansestrategi 2018-2022 skal støtta opp om arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling. Alle born skal få eit godt barnehagetilbod, uansett kvar dei bur og kva barnehage dei går i. Med revidert kompetansestrategi ynskjer regjeringa å tydeleggjera dei ulike aktørane sine roller og ansvar for kompetanseutvikling og legg til grunn eit godt samarbeid mellom sektorane for å nå måla i strategien. I praksis betyr dette at Kvam i samråd med Hardanger/Voss kompetanseregion, kan søkja Statsforvaltaren om kompetansesmidlar for å heva kvaliteten i barnehagane. Det er sett opp ein turnus for dette arbeidet, slik at alle dei kommunale barnehagane jamleg skal delta i denne kompetansehevinga. Den private barnehagen får tilbod om å delta. Det vert gjennomført ekstern vurdering med vurderarar frå Hardanger/Voss regionen. Det vert gjennomført observasjonar og intervju av tilsette, foreldre og born. Det vert laga ein handlingsplan som skal jobbast med i den enkelte barnehage saman med ein representant frå Høgskulen på Vestlandet, ein vurderar og barnehageeigar.

Rekom 2021/2022

Barnehageeigar har lagt føringar for at barnehagane skal velja tema innanfor satsingsområdet «trygt og godt barnehagemiljø». I Hardanger/Voss sin rulleringsplan er det planlagt for Rekom i barnehagane Sjudnahaugen, Strandebarm, Sandven Fus og Bjørketeigen i perioden 2022-2028.

Norheimsund barnehage har gjennomført ekstern vurdering og er godt i gang med oppfølginga. Vurderingstemaet deira er: *“Norheimsund barnehage legg vekt på mangfald som ein ressurs i møte med barn og vaksne.”*

Ålvik barnehage har gjennomført ekstern vurdering og er nyleg byrja på oppfølginga. Vurderingstemaet deira er: *“I Ålvik barnehage arbeider me systematisk med språkutvikling for alle born”.*

Tørvikbygd barnehage gjennomførte ekstern vurdering i mai 2022. Vurderingstemaet deira er: *“Tørvikbygd barnehage jobbar heilskapleg og systematisk for å skapa eit trygt og inkluderande barnehagemiljø”.*

BTI - Betre Tverrfagleg Innsats

Barnehagane er ein del av BTI arbeidet i heradet. Sjudnahaugen barnehage var pilotbarnehage for prosjektet hausten 2021 og er pilot for innføring av stafettlogg. Dei andre barnehagane skal få opplæring i samhandlingsmodellen og stafettlogg barnehageåret 22/23.

Organisasjonsutvikling og kompetanseheving

Felles planar og kompetanseheving til barnehagetilsette i Kvam herad

Deloitte AS gjennomførte våren 2021 forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar i Kvam. Rapporten viser eit behov for like rutinar og likt systemarbeid i barnehagane. Barnehageeigar og styrarane laga ein handlingsplan med tiltak, ansvar og fristar etter forvaltningsrevisjonen (vedlegg 1). Barnehageeigar jobbar saman med styrargruppa for å samle kva som kan vera likt for å gje borna i Kvam eit likeverdig tilbod. Som tilsett er det og behov for å ha like system og rutinar same kva barnehage du jobbar i. Barnehagane skal ta vare på det unike ved barnehagen, men det som er av rutinar, system og kompetanse som kan vera likt, bør vera likt. Me brukar møter, planleggingsdagar og personalmøter til å gje felles opplæring og gjennomgå nye system og rutinar. Eksempel på felles kompetanse, system og rutinar me for tida jobbar med er:

- Felles kompetanseplan 2021-2025
- Felles satsingsområde: Trygt og godt barnehagemiljø, BTI og sjå bornet innanfrå.
- Kompetansepakkar trygt og godt barnehagemiljø – Udir
- HMS årshjul
- Overgangar mellom barnehage og skule, og skule - skule
- Førebuing, gjennomføring og etterarbeid ved bruk av Udir si foreldreundersøking
- System for oppfølging av §42- saker. Felles handlingsplan og aktivitetsplan for trygt og godt barnehagemiljø som gjeld alle barnehagane i Kvam
- Bruk av Acos websak; sakshandsaming- og arkivsystemet i Kvam herad
- Rettleiing nyutdanna barnehagelærarar. Alle nyutdanna barnehagelærarar får oppfølging i 2 år av faste rettleiarar, både individuelt og i grupper. Det blir arbeida med å laga og prøva ut ny plan for rettleiing av nyutdanna i barnehage og skule i Kvam
- Leikbasert læring er eit forskingsbasert førskuleopplegg som er utvikla for å gje born best mogleg utgangspunkt før skulestart. Barnehageeigar har jobba fram lik plan for alle kommunale barnehagar for å sikre at alle born i Kvam får ta del i dette opplegget (www.leikbasert.no)
- Vasstilvenning året før skulestart. Målet er at alle born i Kvam skal, i løpet av barnehagetida, skal verta trygge i vatn og få betre symjeferdigheiter. Kvam herad får tilskot frå statsforvaltaren og brukar bassenga i Ålvik, Strandebarm og Hardangerbadet
- Leiaropplæring i regi av Kvam herad
- Kompetansepakkar Kvam herad – KS
- Forskrift om GDPR frå 2018; kva dette har å seia for system, rutinar og den einskilde som jobbar i barnehage
- Mykid – kommunikasjonsverktøy mellom barnehage og heim

- Trafikksikre barnehagar – Barnehagane i Kvam er trafikksikre barnehagar og rapporterer på at dei oppfyller krava for å vera ein trafikksikker barnehage. Arbeidet skal vera forankra i barnehagen sin årsplan og pedagogisk arbeid gjennom året
- Kompetanseheving av samarbeidspartar i KLF - PPT, barneverntenesta, helsestasjon, ergo- fysioterapitenesta og familiesenteret
- Rutinar for støttesystem, spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehage
- Spesialpedagogar i alle barnehagar. Det gjev kompetanseuke til alle i personale, auka kvalitet på det allmennpedagogiske tilbodet og spesialpedagogar der borna er
- Rekom – Alle barnehagane skal delta i eit rulleringssystem
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) for born og unge i Kvam herad
- Førebuing, gjennomføring og etterarbeid ved bruk av 10 – faktor. Gjennomføring anna kvart år, sist i 2021
- Udir si foreldreundersøking. Gjennomføring anna kvart år, neste i 2022)
- Alle tilsette skal få opplæring frå PPT i å sjå bornet innanfrå i utgangspunkt i tryggleikssirkelen og Circle of security (COS). Det skal gje tilsette verktøy til å betre forstå kva behov born har, kva signal dei gjev og kva vaksne kan gjera for å møte desse behova. Målet er at borna skal få hjelp til å kjenna seg trygg og på den måten stå sterkare rusta til å møte utfordringar i livet. COS er og eit tilbod til foreldre via Familiesenteret. Sjødnahaugen og Bjørketeigen barnehage har gjennomført opplæringa

Planleggingsdagar 2021-2022

Januar 2021	Informasjon om og arbeid med lovendringa "Trygt og godt barnehagemiljø". Den nye lova skal sørge for at alle born får ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagane skal gjennomføra Udir sine kompetansepakkar om trygt og godt barnehagemiljø. i Det er laga ein handlingsplan og aktivitetsplan for trygt og godt barnehagemiljø
Mars 2021	Arbeid med handlingsplan mot mobbing i barnehagen, snakkemedbarn.no og trygg til handling
Mai 2022	BTI opplæring til alle tilsette - Lp analyse - Samtale med barn ein er uroa for - Den nødvendige samtalen - Drøfting av case med barneverntenesta

	- Informasjonsfilm om tenester i kommunen som barnehagen samarbeider med
Planleggingsdagar og personalmøte 2021-2022	KS kompetansepakkar Tilsett i Kvam – Etikk i Kvam – Handhygiene – Basale smittevernrutinar – Førebygging av vald og truslar – GDPR 8 modular

Systemarbeid og felles rutinar er ting som tek tid å læra og implementera i den enkelte barnehage. Det krev mykje av styrarane og dei tilsette. Fyrste del er å få informasjon, men etterpå kjem arbeidet med å ta systemet i bruk. Dette tek tid, og fleire av punkta er tidkrevjande å gjennomføra i ein hektisk arbeidskvardag.

KLP prosjekt

Det er oppretta ei prosjektgruppa som er med i KLP's arbeidsmiljønettverket. Nettverket er ein toårig møteplass for prosjekt som jobbar med arbeidsmiljøutvikling. Kvam herad mottar kr. 200.000 i støtte til prosjektet. Prosjektideen er å få barnehage tilsette til å bli værande i barnehageyrke og redusera sjukefråværet. Deltakarane i prosjektgruppa er representantar frå eigar, HR og tilsette frå ulike barnehagar.

Inkluderande barnehagar

Fleispråklege born

Kvam har ein stor del fleispråklege born frå mange ulike nasjonalitetar. Desse borna ynskjer i hovudsak plass i sentrumsnære barnehagar, og det kan verta vanskeleg å fordela borna på fleire barnehagar/avdelingar. Borna startar tidleg i barnehagen, noko som gjev god utteljing når dei byrjar på skulen. I dag vil dei fleste flyktningar ha borna inn når dei er 1 år, sidan dei sjølve vil gjennomføra pålagt språkopplæring. Sertifikat til foreldre finansiert via NAV har gjeve fleire foreldre høve til å busetja seg utanom sentrum, og køyra til barnehagar utanom sentrum.

Borna skal få delta i språkgrupper innan ordinært barnehagetilbod, der leik og språkdusjing er hovudfokus. Barnehagane har det pedagogiske språktiltaket «*Språkkista*», som skal nyttast. Barnehagane rapporterer til staten (Basil) årleg om antal fleispråklege born i barnehagen. Det vert jobba med å laga ein felles plan for korleis barnehagane skal ta imot fleispråklege born og kva tilbod borna skal få i barnehagen.

Nytilflytta flyktningborn får morsmålsassistent deltid første månadane i barnehagen om me lukkast å finna kompetanse, for å gjera starten best mogeleg for både foreldre og bornet. Innsatsen vert gjeve i form av ein trappetrinnsmodell, med flest timar første vekene, og så reduserer ein timetalet til ein rundar av etter 2-3 mnd., alt etter alder og behov hjå bornet.

Støtte til barnehage

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

PPT rettleier barnehagane på individ- og systemnivå. Når eit born vert tilvist til PPT for vurdering av spesialpedagogisk hjelp, gjer PPT i samarbeid med barnehage og foreldre ei sakkunnig vurdering (kartlegging/utgreiing) av bornet si utvikling og behov. PPT kjem med ei sakkunnig tilråding om vidare oppfølging og hjelp for å få ei god utvikling. Det kan vera tiltak innan det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen eller tilråding om spesialpedagogisk hjelp (§ 19a) når behovet tilseier dette.

Tidleg innsats

Tidleg innsats handlar både om å oppdaga tidleg og å gje tidleg hjelp i bornet sitt liv når utviklinga ikkje går som forventa. Dette er både ei nasjonal satsing, og viktig del av Kvam herad sine overordna målsetjingar innan barnehagefeltet. Barnehagane arbeidar førebyggjande i alt sitt pedagogiske arbeid. Dei har interne rutinar for å fanga opp born som treng ekstra fokus og hjelp, og set i gang med aktuelle stimulerande tiltak i samråd med foreldre. Dette er i tråd med Rammeplanen (2017), som vektlegg tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for born som treng ekstra støtte. Støttesystemet for barnehagane i Kvam skal hjelpa barnehagane i dette arbeidet.

Lågterskeltilbod

PPT gjennomfører lågterskelrundar etter ein oppsett plan kvar veke, og møter kvar barnehage 2-3 gonger pr semester. PPT rettleiar ut frå barnehagen sitt behov, og hjelper med vurdering/tiltak i høve gruppa/enkeltperson, anonymt eller med samtykke. Spesialpedagogane i barnehagen er med på lågterskelrundar, og ein kan iverksetja tiltak tidleg når ein organiserer dei inn i barnehagen si daglege drift.

PPT gjennomfører observasjonar og samtalar med foreldre utan at dei er tilvist PPT og kan tilrå vidare tilvising til PPT ved behov.

PPT deltek i nettverk og tilbyr organisasjonsutvikling og kompetanseheving innan ulike område som gjeld born med særskilte behov. Logoped i PPT jobbar både inn mot vedtak og gjennom lågterskeltilbod utan vedtak.

Spesialpedagogar i barnehagen

Vinter/vår 2021 har det vore arbeidd med å laga ein modell for ny organisering av støttesystem og spesialpedagogisk hjelp i barnehagane i Kvam. Det er laga ein eigen plan for gjennomføring av tidleg innsats, spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for born i

barnehagane. Målet er å styrkja det ordinære barnehagetilbodet. Fleire barn skal få støtte og hjelp tidlegare ved at eventuelle vanskar/utfordringar vert arbeidd med på eit tidleg tidspunkt slik at bornet vert betre rusta til å meistra utfordringar. Gjennom denne endringa får Kvam eit gjennomgåande støttesystem frå barnehage til ferdig grunnskule.

Frå 1. august 2021 vert det, som eit prosjekt over 2 år, auka opp tal spesialpedagogar i barnehagane med 2,4 stillingar. Totalt skal det vera 4 årsverk med spesialpedagogar i ny organisering av støttesystem og spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. Spesialpedagogane skal organiserast direkte under styrar i barnehagane og skal vera tett på der borna er. Spesialpedagogen skal jobba med førebygging, kompetanseheving/rettleiing, inkluderingsarbeid og enkeltvedtaksarbeid.

PPT sitt utviklingsarbeid i barnehagane 2021-2023: Sjå bornet innanfrå (SBI).

PPT vil frå hausten 2022 og to år fram gjennomføra kurs med alle barnehagane, 6 økter (totalt 14 timar pr. barnehage) med utgangspunkt i kurset: "Tilknyting og Mentalisering", med Tryggleikssirkelen som utgangspunkt. Føremålet er auka bevisstgjeringshjå dei tilsette på kva born treng for å fremja tryggleik, livsmeistring og helse.

Dei tilsette i barnehagen skal få kunnskap om korleis dei kan tilrettelegga kvardagen for alle barnehageborn, med følgjande barnegrupper spesielt:

- Born med temperamentsmessige utfordringar
- Born med belastande omsorgserfaringar

Søkelyset vert retta mot situasjonar som mange opplever er utfordrande. Dette arbeidet er i samarbeid med Foreldrestøtteprosjektet i Oppvekst.

Individuelle rettar

Barnehagelova § 31 spesialpedagogisk hjelp:

I tråd med barnehagelova § 31, har barn under opplæringspliktig alder rett til spesialpedagogisk hjelp, dersom dei har særleg behov for det. Barnehagen skal sørgja for at born som får denne hjelpa vert inkludert i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet. Hausten 2021 vart det, i eit 2 årig prosjekt, tilsett 4 årsverk spesialpedagogar som er ute i barnehagane. Dette gjev kompetanseuke til alle i personale, auka kvalitet på det allmennpedagogiske tilbodet og spesialpedagogar der barna er. Spesialpedagogane er knytt til faste barnehagar og kan jobba meir systemretta.

Barnehagelova § 37 barn med funksjonsnedsetjing og behov for tilrettelegging:

I tråd med barnehagelova § 37, skal kommunen sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, som er rikt, variert, stimulerande og utfordrande miljø, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn, på lik line med alle barn. Kommunen som barnehagemynd e si plikt til tilrettelegging gjeld tiltak som er nødvendig for at barnet skal få utbytte av barnehageplassen. Dette gjeld både private og kommunale barnehagar. Tilrettelegginga skal byggja ned funksjonshemmande barrierar som fell utanfor barnehagen si ordinære tilretteleggingsplikt. Døme på tilrettelegging kan vera at kommunen sørgjer for at barnehagen har det nødvendige utstyret, støtte til bygningsmessige endringar, støtte til ekstra bemanning eller andre tiltak.

Foreldrekurs

- Familiesenteret tilbyr opplæring av føresette i “Vær med meg.” Det er eit foreldrekurs med fokus på tilknytning og emosjonsfokusert samspel, med tryggleikssirkelen (COS) som utgangspunkt. Målsetjinga er å auka foreldre sin sensitivitet og nysgjerrigheit i samspelet med bornet, slik at bornet kan få ei tryggare tilknytning med påfølgande meir robust utvikling.
- Felles foreldremøteplan for foreldre med barn i alderen 0-16 år. Planen rullerer, og det er tenestene i KFL som står for innhaldet på foreldremøta.
- Tema i 2022 var Trygg i kroppen og frå uro til handling (BTI).

Lokale politisk vedtekne tiltak

Løpande opptak

I eit 2-årig prosjekt i perioden juni 2021 - juni 2023 skal Kvam herad ha barnehageopptak 4 gonger per år: 1. februar, 1.april, 15.august og 1.januar. Barnehagevedtektene er justert i tråd med dette. Barnehageopptak utover hovudopptaket 1. februar skal finansierast ved bruk av disposisjonsfond.

Oppgradering av Bjørketeigen barnehage

Det er igangsett oppgradering av Bjørketeigen barnehage, jfm sak 032/21. Barnehagen er blitt utvida med 1 avdeling ved å flytta administrasjonsdelen til midlertidige lokale i Firkløverbygget. Trafokiosken er fjerna, garderober er oppgradert og ny veg er laga på nedsida av Firkløverbygget. Det igjenstår noko arbeid i barnehagebygget, medan utbetring av ny administrasjonsdel startar til hausten. Forventa ferdigstilling er ved utgangen av året.

Deling av Sjydnahaugen og Bjørketeigen barnehage

Frå hausten 2021, jfm sak 032/21 vart Bjørketeigen og Sjydnahaugen delt og kvar barnehage fekk eigen styrar i 100% stilling.

Måltid

Alle barnehagane i Kvam har måltid som pedagogisk aktivitet. Varmt måltid 1-2 gongar i veka og smørjemåltid 3-4 dagar. Utgangspunktet er Helsedirektoratet sine retningslinjer og oppskrifthefta "Bra mat i barnehagen". Borna deltek aktivt i prosessen, med fokus på læring og erfaringar. Dei får brukt alle sansar, smaka, lukta, kjenna, sjå, namngje matvarer og kva dei lagar, dette gjev meistringskjensle.

Sommaropen barnehage

Sommaren 2021 var det ikkje tilbod om sommaropen barnehage i dei kommunale barnehagane. I budsjettvedtak for 2021 vart det reduksjon i ramma til barnehagane og det vart innført 4 veker sommarstengt barnehage. Jmf sak 091/21 vart det vedtatt at barnehagane i Kvam skal vera feriestengt i veke 28, 29, 30.

Særlege utfordringar i barnehagesektoren

Fråvær

I samband med Covid-19 har det vore meir bruk for vikarar som følgje av strenge smittevernreglar og stort sjukefråvær. Stort sjukefråvær har vedvart utover vinter 2021/vår 2022. Dette har medført store utfordringar med å få tak i nok bemanning iht bemanningsnorma. Det har og vore utfordrande å halda alle avdelingane opne heile opningstida. Det har medført overtid for personale og foreldre, som har hatt anledning, har fått spørsmål om å henta borna tidlegare. Kvar barnehage rekrutterer eigne vikarar ut frå søknadar i webcruiter og barnehagane brukar vikarar utover budsjettet sitt. Dette året har det vore krevjande å finne nok vikarar grunna det store fråværet.

I budsjettvedtak for 2022 vart barnehage tilført kr. 2.000.000 til styrking av grunnbemanning. Desse midlane er fordelt ut frå størrelsen på barnehagane.

Norheimsund 100%

Ålvik 30%

Sjydnahaugen 70%

Bjørketeigen 90%

Tørvikbygd 15%

Strandebarm 60%

Heradsstyret forventar ei innsparing på kring ein 1 mill kr i redusert sjukefråvær og vikarbruk som fylgje av dette vedtaket. Heile budsjettet til kortidsfråvær på kr. 500.000 og budsjettet til velferdspermisjonar på kr 156.000 er fjerna. Samt at budsjettet til vikar ved kurs og møter vart redusert med kr. 130.000. I 2021 var overforbruket på desse postane på om lag kr. 600.000 og i 2020 var overforbruket på om lag kr. 400.000. Dette viser at budsjettet tidlegare år i utgangspunktet har vore for lågt i forhold til behovet for vikar.

Dei største barnehagane har 6 avdelingar og det er ofte meir enn ein tilsett som er sjuk på ein dag. Då kan ikkje styrka grunnbemanning med 1 årsverk dekkja opp for dette fråværet. Korttidsfråvær er ofte knytt til influensa, omgangssjuke ol. Styrka grunnbemanning påverkar ikkje omfanget av denne type sjukdom. Barnehagane er flinke til å omdisponere personell mellom avdelingane, dersom det og er barn som er fråverande frå barnehagen. Barnehagane dekker slik inn ein del av korttidsfråværet. I første tertial er det likevel brukt kr. 370.000 til vikar ved korttidsfråvær som ikkje er knytt til koronarelatert fråvær.

Bemanning

Det er ei utfordring at den lovfesta bemanningsnorma med 3 vaksne pr. 6 einingar ikkje tek høgd for at opningstida i barnehagen er lengre enn arbeidstida til personalet. Lovpålagt planleggingstid, pausar og møte medfører at bemanningsnorma er mindre enn 3 vaksne pr. 6 einingar delar av dagen. Grunnbemanninga dekker til saman 2-3 av 9 timar pr. dag. Ei anna utfordring er at bemanning vert rekna ut frå kor mange einingar det er totalt i ein barnehage og ikkje pr. avdeling, det betyr at det er utfordrande å få bemanninga til å gå opp i den enkelte barnehage.

Regjeringa har auka fokus på kompetanse i barnehagar. Det er innført nasjonal pedagog- og bemanningsnorm. Regjeringa arbeider vidare for ei satsing for at minst 50% av dei tilsette som arbeider direkte med barn skal vera barnehagelærarar.

Kvam herad slit med å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar til å oppfylle pedagognorma. For framtida må det jobbast med å rekruttera fleire barnehagelærarar.

Dei tilsette står i ein skvis mellom å bruka nok tid saman med borna og tid på planlegging, møter og kompetanseheving. Når alle tilsette er til stades på avdelinga er det anledning til gruppedeling, observasjonar, oppfølging av enkelt born, pedagogisk aktivitet, m.m. Dette er vanskelegare og gjennomføra når tilsette forlèt avdelinga.

Digitalt utstyr

Barnehagane har lenge hatt for lite og dårleg digitalt utstyr, manglande kompetanse og lisensar som samsvarar med behovet og rammeplanen. Dette året har det vore prioritert å kjøpa inn og oppgradera telefonar og digitalt utstyr til barnehagane. Me ser at det er behov

for regelmessig innkjøp og oppgradering. Personale er avhengig av pc i planleggingstid og ved kompetanseheving. Mykje av informasjon, kurs og kommunikasjon skjer digitalt.

Barnehagane skal begynna eit arbeid med å laga ein plan for digitalisering i barnehage og prioritera innkjøp av digitalt utstyr til bruk med born.

Brøyting og strøing i barnehagane

Handtering av snømengder og glatt veg/leikeplassar ligg i skjeringspunktet mellom barnehagane og tekniske tenester. Barnehagane har drøfta utfordringa og prøver å finna løysingar saman med tekniske tenester. Utfordringa er at det bør vera ferdig brøyt og strødd til born/foreldre kjem i barnehagane om morgonen. Når borna kjem i barnehagen har ikkje tilsette høve til å bruka tid på brøyting/strøing då dei er saman med borna.

Norheimsund barnehage leiger inn nokon som brøytar uteområdet før opningstid til ein pris på kr. 17.525. Bjørketeigen, Strandebarm og Sjydnahaugen har kjøpt inn snøfres. Alle kan ikkje bruka snøfres av helsemessige årsaker og det er såleis personavhengig kven som er på arbeid dagar det kjem mengder med snø. I Ålvik har barnehagen ein munnleg avtale med entreprenør om å brøyta på framsida dersom porten står open. I vinter måka ein forelder på baksida for å komme seg inn med tvillingvogn. Tørvikbygd barnehage har avtale med entreprenør som brøyter parkeringsplass, og personalet måkar frå porten og til inngangsdører.

Covid-19

Høgt sjukefråvær har Covid-19 vore ein svært sentral medverknad til. Året har som i fjor vore prega av covid-19, skifte i trafikklysmoell, testing, låg terskel for å vera heime, osv.

Som nemnt over har det i siste del av pandemien vore eit stort sjukefråvær. Det har ikkje vore mogleg å få tak i vikarar og det har ført til stor belastning for ansvarlege som skaffar vikarar. Vikarane har på lik linje med tilsette vore sjuke og det har vore utfordrande å drifte barnehagane forsvarleg i tråd med bemanningsnormer. I nokre tilfelle var alle tilsette på ei avdeling sjuke samstundes og det var vanskeleg å halde avdelingar opne. Gjennom vinteren og våren har mange tilsette vore slitne grunna korona og alt dei har stått i gjennom pandemien.

Løpande opptak

Ved tilsetjingar i løpet av året er det krevjande å få kvalifisert personale til stillingane. Det fører til mange barnehagelærarar og pedagogisk leiarar på dispensasjonar og assistentar utan

fagbrev. Personale utan utdanning gjev ikkje forventa kvalitet etter krav i barnehagelova og rammeplan for barnehage, i tillegg må styrar bruka mykje tid på oppfølging.

Fleire opptak i året medfører ekstra arbeid for styrar og barnehageeigar. Det er tidkrevjande prosessar å lysa ut stillingar, gjennomføra intervju, søkje om dispensasjonar, finna barnehagar med nok areal og omrokke på avdelingar for å plassera nye born. Det har vore fleire tilfelle der born har bytt avdelingar midt i året og småborn har byrja på storbarnsavdeling som ikkje er tilpassa deira aldersgruppa. Dette medfører bl.a kostnadar utover inventarbudsjet. Born har behov for stabilitet og trygge rammer, dersom barnehagen skal omrokke på avdelingar fleire gongar i året er det uheldig for borna. Born brukar tid på tilvenning, bli trygge og få gode leikekameratar. Foreldre er opptekne av stabilitet, tryggleik og trivsel for borna sine.

Frå august 2022 vil grunnbemanninga i barnehagane vera mellombels styrka då det vert tilsett personell for å dekkja opp auken i tal barn i barnehagane som kjem i løpet av hausten/vinteren og for å ha noko ledig kapasitet i barnehagane til løpande opptak i barneåret 2022/23. Denne mellombelse auken i grunnbemanninga er delvis finansiert innanfor budsjetttramma til barnehage og delvis via prosjekt P20210 løpande opptak i barnehage. Dette tiltaket håpar me skal betra situasjonen og me unngår mange tilsettingar i løpet av året.

Kompetansepakkar

Kvam herad har laga kompetansepakkar som tilsette skal gjennomføra i arbeidstida. Det har vore sett av tid til gjennomføring, men det har ikkje vore gjennomførbart grunna allereie planlagde tema. Det er utfordrande å finne tid til gjennomføring i kvardagen utan at det går utover tid saman med borna. Fellesmøter utover ordinære personalmøter på kveldstid vert brukt til oppfølgingsmøter av Rekom, «sjå bornet innanfrå» kurs og BTI opplæring. Tilsette i barnehage har lite fellestid. Arbeid med dette må vidareførast til neste år.

Kostratal 2021

- I Kvam herad går 97,6% av alle 3-5 åringar i barnehage. Det er litt lågare enn kostragruppe 5 og Vestland fylke som begge er 98%. Kvam ligg litt høgare enn landsgjennomsnittet som er på 97,4%
- Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 1-5 år var i 2021 kr. 191.901. noko som viser at me ligg litt over både nasjonalt (kr. 185.036), kostragruppe 5 (kr. 186.536) og Vestland fylke som er på kr. 187.324.

Kommunebarometer

Dei viktigaste tala knytt til barnehage i Kommunebarometeret er grunnbemanning i barnehage, tal barnehagar som følg pedagognorma, og tal tilsette som har pedagogisk utdanning. Desse tala utgjer 45% vektning i Kommunebarometeret.

Bemanning: Dersom me ser på gjennomsnittet for heile landet, endra bemanninga i kommunale barnehagar seg frå 5,7 barn per voksen i til 5,6 i fjor. For Kvam var talet 5,9 born per voksen i kommunale barnehagar i fjor. Dei kommunale barnehagane får tildelt ressursar i tråd med lovkrav, 6,0 born per voksen.

Kvam har ifølg statistikkane lågare bemanning i dei kommunale barnehagane enn dei fleste andre. Som regel er bemanninga lågare jo større kommunen er.

Pedagogisk personale: I 2018 innførte regjeringa nye utdanningskrav til personalet i barnehagar. Andelen kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma, utan dispensasjonar, var i fjor på 68,4 prosent. I Kvam oppfyller 66,7 prosent av dei kommunale barnehagane pedagognorma (utan dispensasjon), ifølg tal frå Utdanningsdirektoratet. 42,7 prosent av dei tilsette i dei kommunale barnehagane i Kvam har pedagogisk utdanning.

Menn i barnehagen: Andelen menn som jobbar i barnehagane i Kvam er på 5,7 prosent. Kommunar med flest menn i barnehagen har 26,7 prosent menn.

Tal barn: Nasjonalt viser tala at 89,31 prosent av alle born i barnehagealder har plass i barnehagen. I Kvam har 90,15 prosent av borna barnehageplass.

Minoritetsspråklege born: Andel born med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, har auka mykje dei siste åra. Nasjonalt har andelen auka frå 77,6 i til 85,3 prosent i fjor. I Kvam går 79,7 prosent av borna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølg tala.

Storleik: Ein gjennomsnittsbarnehage i Norge har 46,53 born. Barnehagene i Kvam har ifølg statistikken 61,43 born i snitt.

Nøgkeltall

	2016	2017	2018	2019	2020
BH01 Antall barn per årsverk, kommunale barnehager	6	6.3 ↑	5.9 ↓	5.6 ↓	5.9 ↑
Vekt i sektor: 15%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	5.59	5.56	5.38	5.32	5.25
BH02 Antall barn per årsverk, private barnehager	6.5	6.4 ↓	6.1 ↓	6 ↓	6
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	5.94	5.91	5.73	5.56	5.54
BH03 Andel kommunale barnehager som oppfyller pedagognormen	571	60 ↑	20 ↓	40 ↑	66.7 ↑
Vekt i sektor: 15%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	71.34	76.6	55.07	65.21	71.02
BH04 Andel private barnehager som oppfyller pedagognormen	100	100	100	100	100
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	70.09	74.43	52.43	64.57	68.47
BH05 Andel ansatte i kommunale barnehager med pedagogisk utdanning	34.8	371 ↑	43.6 ↑	40.6 ↓	42.7 ↑
Vekt i sektor: 15%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	38.04	39.47	40.99	42.37	43.91
BH06 Andel ansatte i private barnehager med pedagogisk utdanning	35.1	43.2 ↑	46.3 ↑	46.8 ↑	46.5 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	36.27	39.32	42.56	43.2	43.17
BH07 Andel ansatte som er menn, alle barnehager	6.5	5.3 ↓	7.7 ↑	7.3 ↓	5.7 ↓
Vekt i sektor: 75%, vekt totalt: 0.8% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	8.88	9.23	9.25	8.88	9.11
BH08 Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste år	82.1	89 ↑	82.1 ↓	90.4 ↑	79.7 ↓
Vekt i sektor: 10%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	81.6	82.6	83.66	84.41	85.01
BH09 Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste fire år	82.5	84.67 ↑	84.03 ↓	85.9 ↑	85.3 ↓
Vekt i sektor: 75%, vekt totalt: 0.8% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	72.81	75.77	76.98	78.18	82.95
BH10 Antall barn per barnehage	50.12	70.67 ↑	72 ↑	71.83 ↓	61.43 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	40.19	40.75	40.46	39.96	40.33
BH11 Leke- og oppholdsareal per barn i kommunale barnehager	6.5	6.5	6.2 ↓	6.5 ↑	8 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	7.18	7.25	7.36	7.58	7.84
BH12 Leke- og oppholdsareal per barn i private barnehager	5.4	4.9 ↓	5.1 ↑	4.6 ↓	5 ↑
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.3% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	6.02	6.04	6.06	6.2	6.33
BH13 Andel 1-5-åringer med barnehageplass	82.85	94.43 ↑	90.38 ↓	88.32 ↓	90.15 ↑
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.3% Gjennomsnittlig nøkkeltilsværdi →	89.57	90.13	89.33	89.29	89.3

Oversikt over barnehagane i Kvam herad

Ålvik barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.21		Personalressursar 01.12.21	
Barnehagen starta, vart kommunal	1985	Pedagogar inkl styrar (årsverk)	3
Sist renovert/nybygd	2012	Barnehagelærar på disp (årsverk)	0,5
Tal avdelingar / base	2 avd.	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	30 born	Tal menn / kvinner	8 kvinner

Visjon: Meskapar gode barndomsminne og livsglede.

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

Satsingsområde for barnehagen: Språk og sosial kompetanse, leikbasert læring.

Barnehagen som pedagogisk arena: Rammeplanen er eit styringsdokument som ligg til grunn for godt planlagde aktivitetar i løpet av barnehagedagen. Me brukar LP som verktøy for å bli ein betre barnehage. Personalet er tett på og hjelper, støttar og utforskar ilag med borna.

Kompetansen me har: Personale har god kompetanse og kunnskap. Me har barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar. Alle har sine felt dei er gode på. Styrar har styrarutdanning. I år skal me ha ekstern vurdering, og me har fått Rekom midlar.

Rekom:

Vurderingstema til barnehagen: *I Ålvik barnehage arbeidar me systematisk med språkutvikling for alle barn.*

Me har gjennomført vurdering og det er laga ein rapport me tar utgangspunkt i for vidare jobbing. Me har satt saman ei arbeidsgruppa i barnehagen som skal vera pådrivar for arbeidet. Me er allereie kome godt i gang med arbeidet og gler oss til vegen vidare. Personale skal ha i fyrste omgang arbeida med språkutvikling i måltidssituasjonar.

Kompetanse me treng: Det er ynskjeleg at alle tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ynskjer å bli betre på gode leikemiljø som inspirerer til god leik og jobba vidare i høve til Rekom tema.

Uteområde/nærmiljø: Uteleikeplassen er oversiktleg, men lite utfordrande for dei eldste borna. Barnehagen har eit skogsområde like i nærleiken, som vert brukt ein del. Der har foreldra laga eit flott overbygg, og det er ein plass borna likar godt å vera.

Stolt over: Ålvik barnehage har eit personale som er løysingsorienterte, kreative, fleksible og som ser kvart einskild barn. Gode tilbakemeldingar frå Rekom vurdering på dette. Personale er engasjerte i jobben sin og gode rollemodellar for borna. Barnehagen samarbeider godt med foreldregruppa.

Bjørketeigen barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.21		Personalressursar 01.12.21	
Barnehagen starta opprinneleg	1989	Pedagogar inkl. Styrar (årsverk)	9,4
Sist renovert/nybygd	2011	Barnehagelærar på disposisjon (årsverk)	0
Tal avdelingar / base	7 avd.	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	87/115 einingar	Tal menn / kvinner	0/36 1 mann i 50% 30 kvinner fordelt i ulike stillingsstørrelsar

Visjon: Meskapar gode barndomsminne og livsglede!

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

Satsingsområde for barnehagen: Språk, sosial kompetanse, natur og uteliv.

Barnehagen som pedagogisk arena: Kvardagen til borna er prega av planlagde aktivitetar ut i frå styringsdokumentet vårt «Rammeplanen». Borna får oppleva, leika og erfara ulike fagområde. Dei vaksne prøver å vera tett på slik at dei kan hjelpa, støtta og utforska i lag med borna. Hausten 2021 laga Bjørketeigen ny årsplan og kvar avdeling har sitt eige årshjul som er i tråd med årsplanen.

Kompetansen me har: Me har oppdekking på både barnehagelærarar og fagarbeidarar. Ein tilsett har tilleggsutdanning innan spesialpedagogikk, nokon har tilleggsutdanning i rettleiing. Styrar har styrarutdanning. Dette barnehageåret har personalet fått opplæring i deler av BTI, samt kurs i Å sjå barnet innanfrå. Å sjå barnet innanfrå gjev oss god kompetanse til å verta betre på å sjå td kva som ligg bak eit barn si atferd, eller kva som ligg bak eins eigen atferd.

Dette barnehageåret har 2 fagarbeidarar og 1 barnehagelærar slutta. Det har vore svært utfordrande å finna nye folk til desse jobbane.

Kompetansen me treng: Det er ynskjeleg at alle fast tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ser at meir kompetanse om urolege barn er eit behov, og endå meir fokus på tidleg innsats. Dette barnehageåret har Bjørketeigen barnehage hatt 100% spesialpedagog tilsett i barnehagen, dette gjev oss god kompetanse og betre moglegheit til å setja inn tiltak tidleg. Kompetente tilsette i barnehagen er viktig, difor treng me alltid å ha fokus på vaksenrolla i barnehagen.

Det er eit stort behov for vikarar gjennom året. Fast tilsette vikarar aukar kvaliteten i barnehagen, då får me lært dei opp og dei kjenner godt til kva som vert forventa i barnehagearbeidet. Inneverande barnehageår har vore svært utfordrande med tanke på å få tak i vikarar. I tillegg har 4 opptak i året medført at barnetalet har auka frå 87 til 93 barm gjennom året, noko som har auka behovet for fleire kompetente tilsette. Å få tak i nok personal med ynskjeleg kompetanse er utfordrande i løpet av året.

Uteområde/nærmiljø: Barnehagen på Bjørketeigen ligg flott til med mykje natur rett utanfor gjerde. Det er kome opp tre lavvoar som er mykje i bruk. Desse treng vedlikehald noko me per i dag ikkje har oversikt over kven som skal utføra. Barnehagen vektlegg bruk av natur og uteliv, og med slike områder rundt, gjer det kvardagen vår lettare. I november/desember 2020 vart det bygd takoverbygg på øvre leikeplassen, noko som har gjort kvardagen enklare. Neste steg er å få til eit toalett og stellerom med tilgang til vatn der oppe. Barnehagen har ikkje nok tilsette i heile opningstida til at ein vaksen kan gå på do/byta bleie med eit barn, då det er litt avstand mellom leikeplassen og barnehagebygget. Barnehagen brukar Storeteigen, og har vore med på aktivitetar der arrangert av AK Teigland. Elles går me på turar rundt i nærområdet, der lengda på turane vert litt styrt etter alderen på borna. Bjørketeigen har ein fantastisk skog å boltra seg i, og mange turmoglegheiter.

Dette barnehageåret har SU med ein forelder i spissen teke initiativ til å byggja eit nytt grindverksbygg i skogen ovanfor barnehagen. Det søkt om støtte td hos Sparebankstiftelsen. I skrivande stund har me ikkje fått svar. Men området med dette bygget, vert veldig fint og kjekt for barna å bruka når det vert ferdig.

Uteavdelinga til Bjørketeigen barnehage, som kanskje var barnehagen sitt flaggskip ein periode, er ikkje ei avdeling i barnehagen no. Me jobbar med å få natur og uteliv inn i alle avdelingane. Me ynskjer at heile Bjørketeigen barnehage skal vera ein barnehage som har eit tydeleg fokus på natur og uteliv.

Stolt over: Barnehagen er under oppussing, påbygging og oppgradering. Det er mange flinke, løysingsorienterte og kreative tilsette som gjer ein god jobb og som er svært tilpassingsdyktige. Dei er engasjerte i jobben sin, og stadfestar ofte at dei har den beste jobben i verda.

Område me ynskjer å utvikla vidare: Me ynskjer å fremja barnehagen som pedagogisk dannels- og læringsarena til politikarar og andre innbyggjarar i Kvam herad. Halda fram med samarbeid mellom dei to barnehagane i Øystese. Me jobbar for ein oppgradert barnehage som er ryddig og tiltalande for både barn, føresette, tilsette og besøkjande. Ein barnehage som har ein tydeleg raud tråd i sitt pedagogiske arbeid og system som fungerer. Og som har nok nærverande vaksne gjennom heile opningstida og heile året slik at me kan jobba i tråd med Rammeplan og lovverk

Sjydnahaugen barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.01.21		Personalressursar 01.12.21	
Barnehagen starta opprinneleg	1989	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	8
Sist renovert/nybygd	2016	Barnehagelærer på disp (årsverk)	0,60
Tal avdelingar / base	4	Tal born pr. vaksen	3 og 6
Tal born	70	Tal menn / kvinner	2/19

Visjon: Meskapar gode barndomsminne og livsglede

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

Satsingsområde: Språk og nærmiljø og samfunn.

Barnehagen som pedagogisk arena: Kvardagen til borna er prega av godt planlagde aktivitetar ut i frå styringsdokumentet vårt «Rammeplanen». Borna får oppleva, leika og erfara ulike fagområde. Dei vaksne er tett på og kan hjelpa, støtte og utforska i lag med borna.

Kompetansen me har: Me har mest barnehagelærarar og fagarbeidarar, og nokre assistentar. Ein del av desse har og tilleggstudanning innan spesialpedagogikk, utvikling av språk og sosial kompetanse og rettleiing. Styrar har styrarutdanning og tre års vidareutdanning i spesialpedagogiske fag og leiing.

Kompetansen me treng: Det er ynskjeleg at alle tilsette får ei fagutdanning på sikt. Me ser at meir kompetanse om minoritetsspråklege barn er eit behov og endå meir fokus på tidleg innsats. Det er eit stort behov for vikarar, og få fast tilsette med fagarbeidarutdanning hadde vore ei kvalitetsheving i kvardagen.

Uteområde/nærmiljø: I Sjydnahaugen har me to leikeområde, ein naturleikeplass med gapahuk og bål plass, og ein ordinær leikeplass med leikeapparat. Me har kort avstand til det meste: strand, fjøra, skog, Kabuso, Storeteigen, Hardangerbadet, skule og andre kommunale institusjonar, aldersheim, butikkar, idrettshall og arbeidsplassar.

Stolt over: Me har ny barnehage og svært mange flinke, løysingsorienterte og kreative tilsette som gjer ein god jobb. I Sjydnahaugen er me engasjerte i jobben, og stadfestar ofte at me har den beste jobben i verda.

Område me ynskjer å utvikla vidare: Me ynskjer å fremja barnehagen som pedagogisk dannelses- og læringsarena til politikarar og andre innbyggjarar i Kvam herad. Tettare samarbeid med Bjørketeigen barnehage og andre institusjonar og arbeidsplassar i nærmiljøet vårt.

Norheimsund barnehage



Rammetal frå barnehagen 01.12.21		Personalressursar 01.12.21	
Barnehagen starta opprinneleg	1977	Pedagogar inkl.styrar (årsverk)	11
Sist renover/nybygd	2017	Barnehagelærar på disp (årsverk)	1
Tal avdelingar / base	6/3	Tal born pr. vaksen	3/6
Tal born	103	Tal menn / kvinner	3/35

Visjon: Meskapar gode barndomsminne og livsglede

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring

Satsingsområde for barnehagen: Satsingsområda våre er språk og sosial kompetanse. Me ynskjer at alle barn skal få eit rikt og variert språkmiljø i Norheimsund barnehage, gjennom høgtlesing, bruk av konkretar og dramatisering når me fortel eventyr og forteljingar. Me legg vekt på den daglege samtalen. Me bruker mykje song og musikk. Me observerer jamleg, og gjennomfører språkgrupper der det er behov. Gjennom sosialt samspel lærer barna å ta og oppretthalda kontakt med andre, fylgja enkle reglar og visa omsorg. Me bruker lang tid på tilvenning og tryggleik. Me tenkjer at det er noko av det viktigaste for at borna skal fungera sosialt og utvikla dei sosiale ferdigheitene sine. I tillegg satsar me på natur og det maritime. Me går daglege turar i nærmiljøet. Frå mai til oktober får me nytta robåtane til Fartøyvernssenteret. Då ror me til Sandvenholmen, Nyatre eller andre fine stader.

Barnehagen som pedagogisk arena: Rammeplanen er eit styringsdokument som ligg til grunn for godt planlagde kvardagar for barnehagebarna. Dei får delta i lek, erfaring og meistring i rett progresjon til deira alderstrinn. Det er særskild sjø, skog og nærområdet generelt me nyttar året rundt.

Kompetansen me har: Me har barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar. Alle har sine felt dei er gode på. Me ynskjer å få fram at me har god kompetanse på natur og friluftsliv. Me har vaksne som likar å vera ute og ser verdien av at borna får gode opplevingar i naturen. Det kan vera på tur i sentrum, langs strendene, i båt eller til skogs.

Kompetansen me treng: Me har vaksne som likar song og musikk. Gleda og samhaldet musikk skapar er av stor verdi. Me ser at me hadde hatt stor gleda av å få inn ein songpedagog. Ein person som kunne vore drivkrafta til å skapa eit endå betre miljø for song og musikk i Norheimsund barnehage.

REKOM: Utviklingsområdet i Norheimsund barnehage er pedagogisk dokumentasjon og mangfald. Dette kom fram etter ekstern vurdering. Det er sett saman ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa har hatt jamlege møter og utarbeida ein arbeidsplan for REKOM. Denne planen har barnehagen fylgt. Me har hatt eit kveldskurs på 4 timar om pedagogisk dokumentasjon, Mona Christin Nicolaysen var kurshaldar.

Uteområde/nærmiljø: Me har eit stort uteområde innanfor gjerde som inneheld dissestativ, båtar, klatrestativ, sandkassar, sklibanar, grue, to gapahukar og ei grillhytte. Store grøntområde og ein del asfalt.